



Til statsminister Erna Solberg og finansminister Siv Jensen

## Innspel til statsbudsjett 2018

Den viktigaste oppgåva i utforming av statsbudsjett er etter Fellesforbundet sitt syn å leggja grunnlaget for høg sysselsetting, arbeid til alle og ei god utvikling på arbeidsmarknaden. Norge har for tida høg arbeidsløyse. Dei økonomiske utsiktene kan tyda på at veksten er i ferd med å flata ut. Han ligg likevel på eit for høgt nivå, og andelen sysselsette går dessverre nedover. Sysselsetjinga må opp. Derfor meiner vi at statsbudsjettet for 2018 må ha hovudvekt på tiltak for å få fleire i arbeid. Det må skje gjennom næringspolitiske tiltak, gjennom sysselsettingspakkar og gjennom arbeidsmarknadstiltak. Nivået på arbeidsløysa er ulik i ulike deler av landet. Det er viktig at budsjettet blir retta inn mot å kunne møte denne utfordringa.

Fellesforbundet har i andre brev til ulike fagstatsrådar spela inn konkrete forslag som kan vera med å styrkja sysselsetjinga, næringsgrunnlag og kompetanse. I dette brevet lister vi opp kva vi meir overordna må vektleggjast i statsbudsjettet for 2018 for å få til ei betre utvikling.

Følgjande tiltak bør prioriterast:

- Næringspolitikken må styrkjast. Næringsretta forskning må framleis prioriterast i budsjettet. Innsatsen må rettast inn der vi har leiande posisjonar. Det må verta enklare å sy saman større forskingspakkar der ein hentar ut midlar frå fleire ulike program. Tiltak for styrkja nyskaping må i større grad også treffa etablert industri og bedrifter. Miljøteknologiordninga må ytterlegare utvidast. Den statlege eigarskapsforvaltninga må styrkjast. Investinor bør få ei sterkare rolle i å stimulera til investeringar i nye næringar og til å omstilla eksisterande næringar.
- Energipolitikken og klimapolitikken må byggja opp om næringspolitikken. NOx-fondet er eit døme på dette. Det er viktig at denne ordninga er stabil og langsiktig. Ombygging av fergeflåten og hurtigbåtar må føra til reduserte utslepp. Statlege støtte ordningar må byggja opp om dette. DEMO 2000 må vidareførast. Det same gjeld satsinga på karbonfangst og –lagring (CCS). Satsinga på Enova må halda fram. Enova må kunne løfta fram utvikling av teknologiar og produksjon i Norge som kan ha ein global utsleppsreducerande effekt. Tiltak for å utnytta skogen som ein del av strategien fram mot lågutsleppssamfunnet må styrkjast.
- Nivået på ekstraordinære sysselsetjingstiltak må hevast utover det som vart vedteke for 2017. Tiltaka må i endå større grad målrettast inn mot dei område av landet der arbeidsløysa er størst, og det gjeld i første rekkje Sør- og Vestlandet.
- Talet på tiltaksplassar må hevast utover dei 17 000 som er vedtekne for i år. For å dekkja opplæringsbehovet for dei stadig fleire ledige bør talet for 2018 bli omlag 20 000. I tillegg må talet på tiltaksplassar for dei med nedsette arbeidsevne aukast. Samtidig er det også behov for fleire plassar under Varig tilrettelagt arbeid (VTA). Dette bør følgjast opp gjennom ein opptrappingsplan for slike plassar.

- Den utvidinga i dagpengeperioden for permitterte som vart vedteken gjeldande frå 2. halvår 2016, og som er også gjeld for 2017, må vidareførast i 2018. Lønsspliktpærioden for arbeidsgjevar bør reduserast for å leggja betre til rette for rullerande permittering.
- Utfordringa med sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er framleis stor, samtidig som vi også opplever eit altfor stort omfang av skader i arbeidslivet knytt til manglande vektlegging på helse, miljø og sikkerheit. Det er behov for fleire A-krimsentra. I budsjettet for neste år bør det leggjast opp til to nye. Samtidig må ressursane til Arbeidstilsynet og også Petroleumstilsynet styrkjast.
- Fagskolemeldinga må følgjast opp i budsjettet for 2018 ved bl.a. å sikra fleire studieplassar på fagskolane. Utstyrsstipendet må aukast. Utstyrsituasjonen i mange vidaregåande skolar er ikkje bra, og må betrast. Det er viktig at elevande blir sikra moderne og tidsriktig utstyr som er relevant for arbeidslivet dei skal ut i.

Med venleg helsing  
**Fellesforbundet**

Jørn Eggum  
(*sign.*)

Norvald Mo  
(*sign.*)

*Dette brevet er elektronisk godkjent i Fellesforbundet og har derfor ingen signatur.*